



Avtale om bruk av eiga datamaskin i opplæringa.

1. PARTAR

Denne avtala ("avtala") er inngått [dato] ("avtaledato") mellom:

Sogn og Fjordane fylkeskommune, org nr NO 941 388 841 ved [namn på skule] ("skulen") og [namn på elev], f dato og personnummer. [Fødselsdato- og personnr] ("eleven")

2. FØREMÅL

Føremålet med denne avtala er å avklare plikter og rettar til elevar som vel å bruke eiga datamaskin i opplæringa.

3. DATAUTSTYRET OG PROGRAMVAREN SOM AVTALA OMFATTAR:

Elev som vel å nytte eiga datamaskin i opplæringa må ha ei datamaskin som støttar desse minstekrava:

- Datamaskina må vere berbar
- Må ha trådløst nettverk (minimum 802.1b)
- Må ha operatisystem (minimumskrav)
 - Windows xp
 - OSX (mac)
 - Linux (valfri variant)

3.1. PROGRAMVARE:

Eleven kan sjølv velje kva for program som skal vere på maskina. Det skal og leverast ut ein DVD med installasjonsfiler til programma som vert nytta av dei elevane som vel kjøp av datamaskin gjennom fylkeskommunal rammeavtale. Ikkje alle desse programma kan nyttast på mac og linux

- | | | |
|--------------------------|-----------------------|----------------|
| • OpenOffice 3 (nynorsk) | • Silverlight | • Picasa |
| • CDBurner XP | • Java | • Photostory |
| • Evernote | • Ordnett Pluss | • Paint.net |
| • PDFCreator | • GeoGebra | • FFDshow |
| • PDF SAM | • Kalkulator –ParAbel | • Wxmaxima |
| • Adobe Acrobat Reader | • Gimp | • Halisplitter |
| • Firefox | • Paint.net | • 7-zip |
| • AVG Free (antivirus) | • Freemind | |
| • VLC | • Audacity | |
| • Schockwave | • Google Earth | |
| • Flash | • Google Sketchup | |

4. BETALING

Elevar som vel å bruke eiga datamaskin har ingen andre kostnader enn kostnaden knytt til innkjøp av datamaskina.

5. VARIGHEIT OG OPPHØYR

Elevar som startar på Vg1 hausten 2009 pliktar å ha med seg datamaskin til undervising til ei kvar tid med mindre anna er opplyst.

6. GARANTI, TAP OG SKADE

Eleven har sjølv ansvar for garanti på eiga datamaskin. Tap og skade som skjer på eiga datamaskin i og etter skuletid er og eleven sitt ansvar.

7. BRUK OG VEDLIKEHALD

Fylkeskommunen sitt IKT-reglement og skulen sitt ordensreglement gjeld fullt ut i den tida ein er elev i vidaregåande skule. Brot på plikter etter denne avtala eller desse reglementa vert handtert etter skulen sitt ordensreglement. Brot kan og få konsekvensar ved fastsetjing av ordenskarakteren. I tillegg gjeld følgjande punkt:

- Elevar som startar på Vg1 hausten 2009 pliktar å ha funksjonell datamaskin tilgjengeleg til undervisninga, med mindre anna er opplyst.
- Eleven pliktar å ha maskina i stand til ei kvar tid, og må sjølv ta ansvaret for dagleg drift og vedlikehald.
- Eleven har alt ansvar for data som er lagra på den berbare maskina.
- Fylkeskommunen vil tilby lagringsplass på server som vert tilgjengelege frå eigne nett og internett. Alt som vert lagra på dette nettet vil fylkeskommunen ta sikkerheitskopi av.
- Eleven pliktar til ei kvar tid å ha oppdatert antivirusprogramvare på maskina. Om eleven ikkje har dette, kan skulen nekte å la eleven bruke maskina under prøver/eksamenar. Eleven vil då ikkje få tilbod om anna maskin. Fylkeskommunen vil tilby nedlasting av gratis antivirusprogram som er anbefalt og godkjend.
- Eleven pliktar å følgje skulen sitt ordensreglement med omsyn til bruk av PC.
- Fylkeskommunen skal ikkje melde maskinene inn i domene og skal heller ikkje ha service/driftsansvar for desse.

8. ENDRINGAR OG OVERDRAGING

Eventuelle endringar i denne avtala gjeld berre dersom desse er skriftlege og underskrivne av partane. Partane har ikkje rett til å overdra denne avtala til ein tredjepart utan skriftleg samtykke frå den andre part.

Avtala er skriven ut i eitt eksemplar til kvar av partane.

[Eleven sitt namn]*

[Skule]

* Om eleven er under 18 år, må denne avtala og underteiknast av eleven sine føresette.

[føresette sine namn]

[signatur føresett]
